

Navn:	Kulturjam
Tema:	Alt innan globale tema
Formål:	Lære om nye tema, skape diskusjon/refleksjon
Gruppestørrelse:	Vilkårleg
Lydnivå:	Middels
Tid:	1-2 skuletimar
Plass:	Klasserom
Ute/inne:	Inne
Forberedelse:	
Utstyr:	Pc, prosjektor, høgtalarar
Aktivitetsnivå:	Lavt
Beskrivelse av opplegg:	<p>Dette er ein metode som har blitt brukt som valfag, og det har vert stor variasjon i tema. Eg har ein idé om at denne metoden kan nyttast for å lære om og skape refleksjon kring ulike tema, men har ikkje tidlegare nytta metoden spesifikt retta mot globale tema. Tanken bak er at vi kan lære mykje gjennom å høyre på musikk, lese dikt eller å sjå på kunst og film.</p> <p>I valfaget Kulturjam sto elevane heilt fritt i val av tema. Klassen vart delt inn i grupper på tre og tre og dei skulle saman diskutere seg fram til eit tema som dei fann interessant. Elevane skulle deretter finne ein song, eit dikt, eit kunstverk eller ein film som kunne sei noko om dette temaet. For eksempel var det ei gruppe som valte temaet «krig». Innanfor dette temaet fekk vi høyre om ein spesifikk krigsfilm, krigsfotografi og om krigspropaganda-plakatar. Dei ulike perspektiva danna grunnlag for ein diskusjon kring temaet.</p>
Fallgruver:	<p>Det kan vere vanskeleg å finne tema.</p> <p>Det krev at læraren er flink til å leie diskusjonen i etterkant. Det er ikkje så lett å førebu seg, då ein ikkje har innblikk i det elevane skal presentere.</p>
Variasjoner/ideer:	Ein kan for eksempel bestemme tema i forkant. Tema kan f.eks. vere eit land, ein konflikt eller ei folkegruppe.
Kommentar:	
Kilde:	Lene Sørøy Neverdal, Sogndal folkehøgskule.